

Stor ryddejobb ved Haugland

23.11.2008

Lars Haugland har gjort ein stor ryddejobb i kulturlandskapet sidan 2003 og har sendt rapport til landbrukskontoret, Alt er eige arbeid og med hjelp frå familien. Dei har rydda brake og lauvskog, tilsaman minst 27 dekar. Det har også rydda og merka ein gamal driftsveg

Frå hausten 2005 har dei lagt ned tilsaman 249 timar, 192 dette året.

Det er gjeve tilsagn på 100 meter gjerde. Dette er eit tverrgjerde som skal gå ovanfor det rydda området. I samband med ryddinga vart det sett opp ein løypestreng, som går heilt opp i berget ovanfor det rydda området.

Oppi dette berget er det mykje bjørk, men denne veden ynskjer dei å ta ut før dei tek ned løypestrengen. Det er lite heniktsmessig å fyrst setta opp nytt gjerde, og så felle bjørk over gjerdet etterpå. Gjerde vart difor ikkje sett opp før fristen, men dei har planar om å få det opp før beitesesongen 2009.

Av Ola Matti Mathisen